Lånekassen

Søknad om omgjering av lån til stipend under sjukdom

S
Nynorsk

Namn, adresse og postnummer/-stad

Når du er sjuk eller barnet ditt er sjukt

Er du heilt studieufør på grunn av eigen sjukdom i meir enn to veker samanhengande i undervisningsåret, kan du få lån gjort om til stipend. Det same gjeld dersom du er heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eigne barn under ti år.

For å få lån gjort om til stipend må du

- vere frisk når undervisninga tek til (Lånekassen kan gjere unntak dersom du tek ei fleirårig utdanning)
- dokumentere kva periode du har vore sjuk eller barnet ditt har vore sjukt (frå dato — til dato)
- vere heilt studieufør på grunn av eigen sjukdom eller heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eigne barn

Du kan få lån gjort om til stipend for inntil fire månader og to veker per undervisningsår.

Lånekassen kan berre gjere om lån til stipend for sjukdomsperiodar som tek til etter at vi har fått ein søknad om lån frå deg.

Lånekassen gjer merksam på at forskriftene kan bli endra.

Sjukepengar eller attførings-/rehabiliteringspengar

Hadde du rett til sjukepengar, attføringspengar eller rehabiliteringspengar i heile sjukdomsperioden, kan du ikkje få lån gjort om til stipend. Hadde du slik stønad berre i delar av sjukdomsperioden, kan Lånekassen vurdere å gjere lån om til stipend for den delen av perioden du ikkje fekk stønad.

Dokumentasjon

Eigen sjukdom
Legen, eller andre med rett til å gi sjukmelding, kan stadfeste sjukdomsperioden din i punkt 2 og 3, eller du kan leggje ved ei sjukmelding som stadfester datoane for sjukdomsperioden, og at du har vore heilt studieufør.

Sjukdom hos eigne barn under ti år
I punkt 2 og 3 kan legen stadfeste kva for periode du var heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukt barn, eller du kan leggje ved ei sjukmelding som stadfester datoane for perioden du var heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdommen til barnet.

Søknadsfrist

Søknaden må vere innkommen til Lånekassen seinast seks månader etter at undervisningsåret/kurset er avslutta.

Adresser i Lånekassen

Lånekassen har kontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen, Stavanger og Oslo. Besøksadresser til kontora finn du på www.lanekassen.no/kontakt. Blanketten sender du til:

Statens lånekasse for utdanning
Postboks 36 Kalbakken
0901 Oslo

Telefon 04545 (frå utlandet +47 22 72 45 45)
Organisasjonsnummer NO 960 885 406

1 Personlege opplysningar

Fødselsdato | Personnummer

Kundenummer i Lånekassen

2 Opplysningar om sjukdomsperioden

Eigen sjukdom

Sjukdom hos barn | Barnet er født

	Dag	Månad	År
Frå og med			
Til og med			

3 Stadfesting frå legen

Eg stadfester at søkjaren i denne perioden var heilt studieufør på grunn av eigen sjukdom, eller var heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eigne barn under ti år.

Dato

Namn, underskrift og stempel til legen

4 Stadfesting og underskrift frå søkjaren

	Ja	Nei
Har du vore heilt studieufør på grunn av eigen sjukdom i perioden du søkjer om å få lån gjort om til stipend? Heilt studieufør vil seie heilt ute av stand til å følgje undervisninga, studere heime, levere oppgåver og liknande, og delta på eksamen.		
Har du vore heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eigne barn under ti år i perioden du søkjer om å få lån gjort om til stipend?		
Har du rett til sjukepengar, attføringspengar eller rehabiliteringspengar frå folketrygda i den perioden du søkjer om å få lån gjort om til stipend?		

Dato

Underskrift

5 Andre opplysningar

Les om sjukestipend på www.lanekassen.no/sjuk